



Thomas Eide er attvald som leiar av ungdomslaget. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Thomas Eide (30), som i fjor avløyste Olaug Åsen som leiar av Uskedal Ungdomslag, vart attvald under årsmøtet søndag. Dei andre vala vart utsett til første styremøte då det møtte berre fem på årsmøtet. Det andre som no sit i styret er Lovise Sunde (kasserar), Rigmor Rasmussen (skrivar), Magni Tråvik, Morten Eik og Lene Bergstø. Lene kjem no til å gå ut av styret.**



Berre fem møtte fram til årsmøtet. Frå venstre sit Thomas Eide, Audun Eik, Morten Eik, Rigmor Rasmussen og Bjørgulv Eik. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Veteranen Audun Eik har har også det siste året vore ein drivande kraft både i Helgheim-styret og styret for Fjelly og i årsmeldinga blir han berømma for å ha vore "fantastisk og stått på" i samband med opprustinga av Helgheim. Også dei andre som har vore med på dugnad der blir takka, men det er ingen grunn til å slappa av for det står att ei rad med oppgåver.

Taklekkasjen er no tetta etter eit stort dugnadsarbeid, men det står att ein del arbeid med taket innvendig. Dei nye vindauga i salen er levert og skal settast inn om stutt tid. Utover vinteren og våren skal golvbelegget i gangen byttast, golvet i salen slipast ned og lakkast og elanlegget skiftast ut. Utvending måling står også på programmet. Så mykje som mogeleg skal gjerast på dugnad. Men laget er nødt til å leige inn folk til einskilde jobbar.

Det hastar med opprustinga, for mykje skal skje i huset også framover: Den tradisjonelle pensjonistfesten (i år kjem turen til ytre luten) skal haldast i slutten av mars og det er bestilt for to bryllup i mai i tillegg til fleire bursdagar. I fjor var det berre halvfylt sal under pensjonistfesten og det ynskjer ein å gjera noko med i år!

Audun opplyser i si årsmelding for husstyret (der også Johan Sunde og Bjørgulv Eik har vore med) at det har vore 11 dugnadar og 600 dugnadstimar, dei fleste på dagtid men nokre også på kveldstid. Maten og den sosiale sida har vore ein viktig del av dugnaden.

Det er også gjort ein del etter pålegg frå branntilsynet. Det er utarbeidd brannvernsplan og rømningsvegar og naudtganger er skilta og merka. To nye varmpumper og ein del elektrisk materiell er kjøpt inn. Mellom anna skal inntaket leggjast om og fornyast, Johan Sunde, Thomas Eide og Bjørn Bringedal skal organisera og ta seg av dette arbeidet.

I årsmeldinga for Fjelly opplyser Audun at hytta har vore utleigd 26 døgn i fjor og at det har vore 59 personar i "overnattingsdøgn" der. Det har ungdomslaget grunn til å vera godt fornøgd med. I tillegg kjem ein del dagsbesøk. Det er laga nye gardiner og halde dugnad på vedhogging. Hyttestyret har også teke del i rydding av sti rundt Mannsvatnet på Barmasida. Det er leig inn ein til å mura under hytta og laga trapp på framsida. Prisen på leige er sær simeleg: 75 kroner pr. døgn pluss 25 kroner pr. person som overnattar. Hytta held ved og propan. Vil ein leiga båt, kostar det 20 kroner døgn.

Leiinga i laget er bekymra over eit lågt medlemstal.

– Ein ting vi må ha som mål i år er å få fleire inn i laget og få i gang ei teatergruppe, heiter det i årsmeldinga. Styret er no på leiting etter ein person som kan ta initiativet og gje teaterarbeidet i Uskedalen nytt liv. Her har ein stolte tradisjonar å sjå attende på.

Det er viktig å få med fleire folk også til å ta seg av barnediskoteket. I fjor vart det halde diskotek fem gonger og billettinntekta var 5.470 kroner.

Av Ola Matti Mathisen



Mykje er gjort og meir skal gjerast med opprusting av Helgheim utover vinteren og våren. (Foto: Ola Matti Mathisen)